

15.09.2021

Opningsmarkering på Mindemyren

Klipper Miljøløftet-snora for Mobilitetsveka og ny sykkelkulvert under Minde Allé

Torsdag 16. september kl. 07.30 markerer Miljøløftet opning av ny sykkelkulvert under Minde Allé, ein 200 meter lang undergang for gåande og syklande som er del av prosjektet E39 sykkelstamveg. Opninga markerer også starten for Mobilitetsveka 2021.

Byråd for klima, miljø og byutvikling i Bergen kommune, Thor Haakon Bakke skal klippe snora for den nye kulverten ved Minde Allé. Det blir musikk og utdeling av gåveposar til trafikantane i kulverten. Og byråden trør altså samstundes i gang Mobilitetsveka, som byr på eit innhaldsrikt program i alle Miljøløftet-kommunane den kommande veka.

– Noko av det viktigaste me kan gjere for å få fleire til å sykle er å gjere det tryggare og enklare å komma seg fram på to hjul. Eg vonar den nye sykkelkulverten vil lokke fleire bergensarar opp på sykkelsetet! Det er viktig for å få betre byluft, mindre støy og meir plass til kjekke ting, seier byråd Thor Haakon Bakke.

Del av prosjektet E39 sykkelstamveg

Den nye kulverten, eller sykkel- og fotgjengarundergangen er del av prosjektet E39 sykkelstamveg delstrekning 5 mellom Minde Allé og Fabrikkgaten, og er finansiert gjennom Miljøløftet. Strekninga inngår som ein viktig del av ryggrada i sykkelvegnettet i Bergen sør.

– I dag blir sykkelkulverten teken i bruk og markerer ein milepæl på veg mot ferdigstillinga av sykkelstamvegen mellom Minde Allé og Fabrikkgaten. Me trur kulverten gjer strekninga meir framkommeleg og at syklistar som ferdast på strekninga får økt trafikktryggleik. Samstundes vil kulverten også trygge reisa for gåande på strekninga, seier Tone Oppedal, avdelingsdirektør i Statens vegvesen.

– Når Sykkelstamvegen frå Bergen Lufthamn til sentrum, og etter kvart vidare nordover står ferdig, får me eit samanhengande og tilrettelagt tilbod for fotgjengarar og syklistar gjennom byen som vil vere med å bidra til nullvekstmålet ved at fleire går og sykklar, legg ho til.

Strekninga frå Minde Allé til Fabrikkgaten vert bygd av Bybanen Utbygging på vegne av Statens vegvesen.

Betre folkehelse som tema

Mobilitetsveka i bergensområdet er ein del av Europeisk mobilitetsveke, og i år er temaet korleis aktiv mobilitet og berekraftig transport bidreg til betre folkehelse.

I alle Miljøløftet-kommunane: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden, vert det arrangert fleire miljøvennlege og spennande aktivitetar kvar dag. Mellom anna vil sykkelservice og vitenverkstad med Vilvite stå på programmet. Det blir også konkurransar, og utdeling av morgongåver til folk som går, sykklar eller reiser kollektivt til jobb og skule.

– Kvardagsaktivitet er veldig god folkehelse! Det er mange som vel gåing, sykling og kollektiv rundt i dei ulike medlemskommunane rundt Bergen, og som askøyværing vil eg difor sjølvsagt vere på plass på Kleppestø- kaien den 20. september, seier Jannicke Clarke, leiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylkeskommune.

Om europeisk mobilitetsveke

Europeisk mobilitetsveke har som mål å synleggjere korleis du kan reise meir miljøvennleg, samtidig som du dekker transportbehovet ditt. Mobilitetsveka blir arrangert kvart år frå 16. – 22. september over heile Europa. Meir enn 2300 byer og tettstader deltok i 2020. Mobilitetsveka er dermed Europas største kampanje for miljøvennleg transport.

Den europeiske mobilitetsveka har valt årets tema som ei påminning om kor viktig det er å halde kroppen i gang, både for kropp, hjerne og miljø. Spesielt i ei krevjande tid med pandemien som har prega verda.

For meir informasjon om programmet til Mobilitetsveka 2021, sjå www.miljøløftet.no/mobilitetsveka.

Alle aktivitetar under årets mobilitetsveke blir arrangerte ute og på ein forsvarleg måte, med omsyn til smittevern og lokale reglar.

Fakta: Tekniske data sykkelkulvert

- Armering: Totalt 650 tonn
- Betong: 3069 m³
- Forskaling totalt: 4388 m²
- Delt i 7 delar under konstruksjonen
- Lengde ca. 200m
- Lysopning på 7,5x 3,9m (bredde x høgde)
- Delar av konstruksjonen er under grunnvasstand og har pumper for å drenere ut vatn som kjem inn i kulverten.

Kontaktpersonar

Thor Haakon Bakke

Byråd for klima, miljø og byutvikling, Bergen kommune
Tlf. 957 71 349

Spørsmål om Miljøløftet/mobilitetsveka:

Kristoffer Sandvik Monsen

Fungerande sekretariatsleiar, Miljøløftet
Tlf. 472 35 568

Spørsmål om E39 sykkelstamveg:

Siri Korpelin Bernås

Prosjektleder, Statens vegvesen
Tlf. 918 46 721

Spørsmål om utbygging sykkelkulvert:

Ronny Turøy

Kommunikasjonsrådgivar, Bybanen utbygging
Tlf. 917 13 195